



Saksbehandlar: Rolf Årdal, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 19/2131-1

## Etablering av Campus Førde verftet AS

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:**

1. Fylkestinget godkjenner vedlagde samarbeidsavtale mellom Høgskulen på Vestlandet og Sogn og Fjordane fylkeskommune om etablering og utvikling av Campus Førde verftet AS (CFv AS), mellom anna som eit ledd i å styrke utviklinga av Fagskulen i Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne avtalen under føresetnad av at avtalen vert godkjend av styret for Høgskulen på Vestlandet.
2. Fylkestinget løyver:
  - a. 0,045 mill. kr til kjøp av 450 aksjar á kr 100 i Energilab Sogn og Fjordane AS, med sikte på å omstrukturere selskapet til CFv AS. Løyvinga vert finansiert ved bruk av kapitalfondet.
  - b. 15 mill. kr til Campus Førde verftet AS som tilskot til investeringar i selskapet. Løyvinga vert finansiert med bruk av disposisjonsfond. Løyvinga vert utbetalt etter at samarbeidsavtalen er signert og selskapet etablert.
3. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne vedtekten for CFv AS, velje eigarrepresentant og nominere eventuelle styremedlemer.

**Vedlegg:**

1. Samarbeidsavtale mellom Høgskulen på Vestlandet og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

**Error! Reference source not found.**

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Samandrag

Fylkesrådmannen legg med dette fram endeleg sak om etablering av Campus Førde verftet AS (CFV) slik FT legg til grunn i sitt budsjettvedtak for 2019, jf. FT-sak 56/18, vedtakspunkt 11.

Satsinga er og forankra i Regional plan for verdiskaping og i regionale kompetansestrategiar. Ho er og avstemt med saka til FU/FT i april-19 om nye Førde vg. skule.

Ambisjonen er å realisere ein utdannings-, forsknings-, og innovasjonsstruktur i Førde. Eit mål er å styrke næringslivet sin tilgang til arbeidskraft innan tekniske fag, og bidra med kompetanse og infrastruktur for såleis å støtte private og offentlege verksemder sitt utviklings- og omstilling behov. Fylkesrådmannen legg saman med Høgskulen på Vestlandet opp til å organisere verksemda i Campus Førde verftet i eit eige aksjeselskap, CFv AS

Ein føresetnad for å lukkast er at Høgskulen på Vestlandet og fylkeskommunen v/Fagskulen i Sogn og Fjordane (FiSF) utviklar si regionale rolle. Ungdomar som tek si utdanning her i fylket blir buande her i større grad enn dei som tek si utdanning utanfor fylket.

CFv AS er også ei heilskapleg satsing der ein ønsker å samarbeide om teknologisatsing gjennom heile utdanningsløpet frå «Reodorklubb» og vidare til grunnskule, vidaregåande opplæring, fagskule og høgskule. I tillegg skal satsinga stø opp om relevant etter- og vidareutdanning.

Fylkesrådmannen viser innleiingsvis både til vedlagde utkast til samarbeidsavtale (HVL-SFFK) og til det vedlegget som følgjer denne avtalen.

## **2. Bakgrunn for saka**

Fylkestinget (FT) vedtok i juni 2014 Regional plan for verdiskaping for Sogn og Fjordane 2014-2025, der ein av delstrategiane var å etablere «Teknologicampus Sogn og Fjordane». Sogn og Fjordane har behov for å styrke koplinga mellom utdanningsinstitusjonane og næringslivet. I tida framover er det viktig at utdanningsmiljøa og FoU-miljøa blir endå meir relevante for næringslivet.

For å bidra i dette arbeidet er det ynskjeleg å utvikle eit innovativt miljø samansett av utdannings- og forskingsinstitusjonar og industrielle aktørar. Det kan ein gjere ved å etablere ein møteplass, som set teknologiutvikling og innovasjon i sentrum.

Underskot på arbeidskraft i regionen kan bli ei utfordring framover, og satsinga vil også vere viktig for å bidra til å dekke næringslivet sitt behov for arbeidskraft. Søknadstala til HVL og FiSF har auka, men det er behov og potensiale for vidare auke. Omlag 4 av 5 som utdannar seg her i fylket blir, medan 1 av 5 som tek utdanninga utanfor fylket kjem tilbake.

Det er grunnlag for å etablere eit meir innovativt miljø i Førde med utgangspunkt i dei tekniske utdanningane på staden. Førde kommune har over lang tid hatt ambisjonar om etablering av eit innovasjonssenter, og har såleis ei felles interesse med høgskulen og fylkeskommunen i å realisere dette prosjektet.

Prosjektet tek sikte på å bruke delar av verftsområdet på Ytre Øyrane. Området har fortrinn m.o.t. areal på 18.000 m<sup>2</sup> under tak, høghallar for testfasilitetar, sjøtilgang, kranar etc.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

### 3.1 Resultat og effektar

Realisering av ein regional utdannings-, forskings- og innovasjonsstruktur innan tekniske fagområde har følgjande overordna målsettingar:

- Auka rekruttering av studentar til høgare utdanning innan tekniske fag.
- Auka rekruttering av studentar for etter- og vidareutdanning.
- Støtte innovasjon, FoU, og verdiskaping der bedriftene er lokalisert.
- Styrke samanhengen i utdanningsløpet mellom vidaregåande skule, fagskule og høgskule.
- Vere til nytte for heile fylket.

Ein sentral del av prosjektet vil også vere å etablere samarbeid om kompetanseutvikling og innovasjon med relevante miljø i nye Vestland fylke.

## **Campus Førde Verftet**

- del av eit større samhandlingsmiljø på Vestlandet

### **Samhandlingsmiljø Sogn og Fjordane**

- Sitep (Årdal) - Senter for Innovasjon, teknologi og prosess
- Vitensenteret Sogn og Fjordane AS (Kaupanger/Sogndal)
- Virtuell campus elektro og automasjon (Eid/Stryn)
- Komposit og plastmiljø (Måøy, Sande og Hyen)
- Prosessindustri (Høyanger og Svelgen)
- Havyard (Hyllestad)
- Ocean Hyway Cluster / Maritim foreining Sogn og Fjordane (Florø).
- Olje- og subseamiljø (Florø)
- IT-miljøet i Måøy.
- Peak Sunnfjord (Førde) – IT og teknologi klynge
- Kunnskapsparken (Førde, Sogndal)

### **Sentre, klynger og nettverk med hovudsete i Bergen / Hordaland**

- Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling
- GCE Ocean Technology
- NCE Maritime CleanTech
- NCE Seafood Innovation
- NCE Tourism
- NCE Media
- Finance Innovation

### 3.2 Mål og utviklingsstrategiar

Utdanningsinstitusjonane representert ved HVL og FiSF er hovuddrivkrefter i det vidare prosjektet. Ambisjonane er å utvikle deira regionale rolle og på den måten bidra til å styrke bedriftene i regionen. Auka FoU-satsing knytt til campusane, m.a. i Førde, er også ein sentral føresetnad for å realisere HVL sin ambisjon om å söke universitetsstatus i 2023.

#### Resultatmål:

- 270 høgskulestudentar innan tekniske fagområde hausten 2022 (auke 100).
- 330 fagskulestudentar innan tekniske fagområde hausten 2022 (auke 100).
- Auka FoU-aktivitet og innovasjonsprosessar i samarbeid med næringslivet.

Realisering av resultatmåla byggjer på følgjande innsatsområde:

- a. Felles laboratorium og infrastruktur.
- b. Felles rekrutterings- og utdanningsstrategiar.
- c. Kurs- og opplæringsaktivitetar.
- d. Innovasjon, forsking og utvikling.

#### 3.3 Organisering av samhandlingsstruktur

Fylkesrådmannen har engasjert Kluge Advokatfirma til å vurdere statsstøtterettslege og skatte- og avgiftsrettslege forhold knytt til finansiering og etablering av Campus Førde verftet (CFV).

Statsstøttere glane kjem til nytte uavhengig av om CFV vert ein del av den fylkeskommunale verksemda eller vert organisert som eit sjølvstendig rettssubjekt. Kluge peikar på at det i eit støtterettsleg perspektiv likevel vil kunne vere ein fordel å skilje ut CFV i eit eige rettssubjekt, for å skape eit klart skilje mellom CFV og fylkeskommunen sine andre aktivitetar og slik forenkle etterleving av støttere glane. Nærare opplysningar om dette og om Kluge sine støtterettslege vurderingar finst i vedlegget til samarbeidsavtalen.

Fylkesrådmannen og Høgskulen har ut frå dette lagt opp til å organisere aktiviteten på verftet i eit aksjeselskap, Campus Førde verftet AS. Selskapet skal etter leve statsstøttere regelverket, anskaffingsregelverket og skatte- og avgiftslovgjevinga.

SFJ og HVL har fått tilbod frå SFE AS om å overta aksjane i selskapet Energilab Sogn og Fjordane AS (ESF). Selskapet er eigd 100% av SFE AS og vart stifta i des.-13. ESF vart etablert i samband med ingeniørstudiet innan elkraft i Førde, og investerte m.a. over 8 mill. kr i elkraftlaboratoriet. I dialog med Førde kommune ved rådmannen om realisering av prosjektet, er det signalisert at også kommunen kan ønske å gå inn på eigarsida i selskapet.

SFE AS tilbyr aksjane i ESF til pålydande, dvs. kr 100.000 (1.000 aksjar a kr 100). Dette føreset at verdiane i selskapet framleis skal knytast opp mot satsinga i Førde og kome næringslivet til gode. ESF vert overteke med formål om å organisere og drifte aktiviteten på verftet, og selskapet vert omstrukturert i tråd med samarbeidsavtalen med vedlegg. Dette inneber at HVL og SFJ vert likeverdige eigarar i selskapet med ein 45% eigardel kvar, medan Førde kommune får ein eigardel på 10%. Som ein konsekvens av dette må fylkeskommunen kjøpe aksjar i ESF på kr 45 000, noko fylkesrådmannen vil tilrå med bruk av kapitalfondet som finansieringskjelde.

#### 3.4 Økonomiske rammer og ressursinnsats

Ei realisering som skissert er avhengig av samla ressursar i form av investeringsstøtte og prosjektutviklingsressursar, og eit vesentleg bidrag vil basere seg på kompetanse- og ressursinnsats som ligg utanfor selskapet.

HVL etablerer 5-7 årsverk i miljøet på verftet for marknadsføring (av CFV) og byggje opp ei FoU- og innovasjonssatsing. Verdisetting av disse ressursane er vanskeleg å gi eit eksakt tal på, men det er avgjerande for å kunne realisere prosjektet. Dersom ein skal gjere ei vurdering m.o.t. ein balansert ressursinnsats mellom HVL og SFJ, føreset det at kompetanseressursane frå HVL er verdsett til omlag 3,8 mill. kr. Eit viktig moment i ei vurdering av ressursinnsatsen er også at dei fylkeskommunale midlane kjem fleire målgrupper til gode, m.a. vidaregåande opplæring.

Med utgangspunkt i at ressursinnsatsen i selskapet er tilnærma lik eigardelen må Førde/ Sunnfjord kommune bidra med 4 mill. kr. For at selskapet skal kome ei gang som føresett er det naudsynt at fylkeskommunen løyver 15 mill. kr i investeringsstøtte til selskapet. Dette er i tråd med vedtakspunkt 11 i FT-sak 56/18, Budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022. Her sette FT av ei førebels ramme på 15 mill. kr til FCV.

Oppstillinga nedanfor viser innmeld oversikt over ressursbehov og finansieringsbidrag i forhold til eigardel.

## **Campus Førde verftet**

- modell for ressursinnsats (midlar og kompetanse)

<b>RAMME:</b>	<b>Fase 2 - 2019-2022</b>			<b>Totalt</b>	<b>Andel</b>
	<b>År 1</b>	<b>År</b>	<b>År 3</b>		
Drift- og prosjektutvikling	2,1	2,1	2,1	6,3	
Investering	22,5			22,5	
Kompetanseressursar frå HVL	4,2	4,2	4,2	12,6	
Kompetanseressursar frå Sunnfjord kommune		1,0	1,0	2,0	
Sum	28,8	7,3	7,3	43,4	
<b>FINANSIERING:</b>					
HVL	10,2	4,7	4,7	19,6	45,2 %
Fylkeskommunen	16,6	1,6	1,6	19,8	45,6 %
Sunnfjord kommune	2,0	1,0	1,0	4	9,2 %
Andre off.aktørar				0	0 %
Næringsliv/private aktørar				0	0 %
Sum	28,8	7,3	7,3	<b>43,4</b>	100 %

### Forklaring finansiering år 1:

- SFJ: Investeringsstøtte 15 mill. kr, prosjektutviklingsmidlar 1,3 mill. kr og lab-leige (FiSF) 0,3 mill. kr.
- HVL: Investeringsstøtte 5,5 mill. kr, prosjektutviklingsmidlar 0,4 mill. kr, kompetansebidrag (FoU, innovasjon og marknadsføring) 3,8 mill. kr og lab-leige 0,5 mill. kr.

I oversikta er det ført opp 1,3 mill. kr i prosjektutviklingsmidlar frå fylkeskommunen i første 3-års perioden. Dette er midlar som selskapet må søkje om.

Det er vidare ført opp investeringstøtte også frå Førde/Sunnfjord kommune. Det er lagt til grunn at dette vert følgd opp, basert på den dialogen som alt har vore.

### **4. Konklusjon**

Etter ei samla vurdering tilrår fylkesrådmannen at prosjektet vert realisert i samsvar med saksframstillinga og vedlagde samarbeidsavtale.

Prosjektet vil kunne leggje eit grunnlag for at HVL og FiSF kan styrke rekrutteringa til næringslivet og såleis utvikle si regionale rolle. Etablering av infrastruktur for FoU og innovasjon vil også gi vesentleg betre føresetnad for å utvikle eit tettare samarbeid om verdiskapande aktivitet for private og offentlege verksemder. I tillegg vil satsinga også tilføre verdiar for heile utdanningsløpet innan dei tekniske fagområde frå «Reodorklubb» til etter- og vidareutdanning.